



Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 16/7182-13

## **Fv. 618/kv. 6 Barmsund og Barmen ferjekai, omklassifisering frå kommunal veg til fylkesveg**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:  
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommunen overtek ferjekaiane Barmsund og Barmen, samt arm frå fv. 618/kv. 6 på om lag 50 meter ned til Barmsund ferjekai.
2. Auka drifts- og vedlikehaldskostnader som følgje av omklassifiseringa må dekkast innanfor ramma til drift og vedlikehald på fylkesveg.

**Vedlegg:**

**Andre relevante dokument i saka:**

### **SAKSFRAMSTILLING**

#### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkeskommunen skal ta over drifta av ferjesambandet Barmsund - Barmen frå 1. juni 2019.

I FT-sak 31/16 går det fram at det kan bli aktuelt at fylkeskommunen også tek over eigarskapen for dei to ferjekaiane, og at vi må rekne med at det blir behov for fylkeskommunale investeringar på ferjekaiane på grunn av tilpassing til nyare ferjemateriell og endra krav i samband med krav til null eller lågutslepp.

Når fylkeskommunen skal gjere investeringar på desse ferjekaiane, må vi stå som eigar av kaiene før investeringane vert gjort. Det er også vurdert som mest praktisk at den som har ansvaret for drifta av ferjesambandet også har ansvaret for drift av kaiane. Difor vert det fremma forslag om at fylkeskommunen tek over ferjekaiane Barmsund og Barmen, med arm frå fv. 618 på ca. 50 meter ned til ferjekaia Barmsund.

I møte 18.10.16 handsama fylkestinget sak 31/2016 *Fylkeskommunal overtaking av innkjøp av ferjetenester mellom Barmsund og Barmøy i Selje kommune* og gjorde slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune overtek ansvaret for innkjøp av ferjetenester på strekninga Barmsund – Barmøy i Selje kommune.
2. Selje kommune får kjøpe opsjonsruter i samsvar med retningslinjene i FT-sak 11/10.
3. Ved ei eventuell overtaking av ferjekaiane, har Selje kommune ansvar for at kaiene er i tilfredsstillande stand og godkjent til ferjedrift på overtakingstidspunktet.

I møte 13.06.17 handsama fylkestinget sak 23/2017 *Anbod på Fylkesvegferjesambandet Barmsund – Barmen. Krav til nullutslepp*, og gjorde følgjande vedtak:

1. Drift av ferjestrekninga Barmsund - Barmen skal lysast ut med krav om at energiforbruk knytt til drift av ferja skal vere på straum frå elnettet.
2. Riksregulativ for ferjetakstar skal gjelde for sambandet Barmsund - Barmen frå 1. juni 2019.
3. Selje kommune skal dekke kostnaden med opningstid og drift ut over 12 timer måndag fredag og 10 timer laurdag og søndag .

### Sentrale problemstillingar

Ved ei omklassifisering vil kommuneveg 6, hovudparsell 1, bli omklassifisert til del av fv. 618 med eige parsellnummer i heile vegens lengde frå krysset til fv. 618 til sjølve kaia. Omklassifiseringa inkl. også kaianlegga både på Barmen og på fastlandet Barmsund med tilhøyrande infrastruktur.

Kart som syner veg tilrådd omklassifisert til fylkesveg:



Veglova § 4 regulerer omklassifisering av vegnettet for denne typen klassifisering:

«Alle vegar som var fylkesvegar eller bygdevegar etter den tidligare veglova, er fylkesvegar etter denne lova, dersom ikkje anna blir fastsett med heimel i lova. Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen ta opp kommunal veg eller privat veg som fylkesveg.»

I tråd med veglova har Selje kommune fått uttala seg med svar til oss 3.10.2017:

«Viser til deres brev av dato 04.09.2017 hvor Selje kommune er bedt om å kome med uttale angående omklassifisering fra kommunal vei til fylkesvei – Vegarm Sandviksholmen ferjekai – Selje kommune.

*Selje kommune har ikke merknader til foreslått omklassifisering og ser positivt på at denne vegarmen nå skal bli til fylkesvei.»*

Vi gjer merksam på at Sandviksholmen ferjekai er det same som Barmsund ferjekai som er nytta som namn i denne og tidlegare saker.

## 2. Vurderingar og konsekvensar

### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Overtaking av kaiane med vegarm til Barmsund ferjekai vil medføre ein årleg auke på om lag 500.000 kr i drifts- og vedlikehaldskostnader. Kostnadene kjem fram slik:

	Tal i heile kr
--	----------------

Drift av ca. 50 meter veg	30.000
Vedlikehald av ca. 50 meter veg	10.000
Årleg vedlikehald og drift av Barmsund ferjekai	235.000
Årleg vedlikehald og drift av Barmen ferjekai	235.000
<i>Sum årleg kostnad</i>	<i>510.000</i>

### **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen vil tilrå at Barmen og Barmsund ferjekaia med vegarm frå fv. 618 til Barmsund ferjekai vert omklassifisert frå kommunale til fylkeskommunane vegar som ein følgje av at fylkeskommunen overtek drifta av ferjesambandet Barmen – Barmsund.

Auka drifts- og vedlikehaldskostnader som følgje av omklassifiseringa må dekkast innanfor ramma til drift og vedlikehald på fylkesveg.